

Åpning av det 131. ordentlige Storting.

President: Jo Benkow.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg torsdag den 2. oktober kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 131. ordentlige Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gavn for fedrelandet.

Regjeringen vil føre videre sin politikk i tråd med regjeringserklæringen, og søke et nært samarbeid med gruppene i Stortinget.

Regjeringen vil føre videre hovedlinjene i norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk.

Vern av Norges sikkerhet skal omfatte et sterkt forsvar innenfor rammen av NATOs fellesforsvar.

Regjeringen legger vekt på å medvirke til økt sikkerhet, avspenning, gjensidig rustningskontroll og nedrustning. Det vil bli lagt frem en melding som følger opp Innst. S. nr. 225 om sikkerhet og nedrustning.

Regjeringen vil fortsatt legge stor vekt på samarbeidet i Norden, i EFTA, med EF og internasjonale organisasjoner. Det vil bli lagt frem en melding om samarbeidet med EF.

Regjeringen vil legge vekt på å opprettholde et godt og korrekt forhold til Sovjetunionen.

Bistanden til utviklingslandene vil bli opprettet på et høyt nivå.

Regjeringen vil legge frem en proposisjon vedrørende boikott av Sør-Afrika.

Et hovedmål for Regjeringen er å bedre landets økonomi samtidig som en sikrer full sysselsetting, og en mer rettferdig fordeling.

Regjeringen vil samarbeide med partene i arbeidslivet for å legge et bedre grunnlag for inntektsdannelse i samfunnet.

Regjeringen vil føre en aktiv næringspolitikk særlig med sikte på å styrke det konkurranseutsatte næringsliv. Regjeringen vil styrke utdanning, forskning, utvikling og internasjonalisering. Det vil bli lagt frem en handlingsplan for å utnytte de muligheter som ligger i informasjonsteknologien.

Regjeringen vil legge frem et program for effektivisering og fornyelse av den offentlige sektor.

En videre utbygging av helse- og sosialtjenesten med tilbud for alle, vil ha høy prioritet. Innsatsen for de eldre vil bli styrket.

Regjeringen vil foreslå tiltak for å stimulere veksten i distriktene og for å bedre sysselsettingsmulighetene særlig for kvinnene. Det vil bli foreslått særskilte tiltak for Finnmark.

Det vil bli fremmet forslag om reformer i skattesystemet med sikte på bedre ressursbruk og en mer rettferdig ordning.

Regjeringen vil legge frem en melding om folketrygden.

Det vil bli lagt frem forslag til ny lov om forsikring.

Det vil bli igangsatt et program for videreutvikling av bedriftsdemokratiet.

Regjeringen vil legge frem lovforslag på grunnlag av samerettsutvalgets utredning.

Regjeringen vil legge frem forslag til ny lov om utlendinger.

Regjeringen vil bedre rettshjelpstilbuddet i samfunnet.

Det vil bli fremmet melding om Norsk Luftfartsplan, som bl.a. gjelder spørsmålet om hovedflyplass.

Regjeringen vil styrke innsatsen for trafiksikkerhet. Det vil bli lagt frem melding om Postverkets rammebetingelser.

Landbrukspolitikken og fiskeripolitikken skal styrke bosettingen i distriktene.

Regjeringen vil fremme en melding om havbruk og foreslå opprettet en havbruksstasjon i Tromsø.

Det vil bli lagt frem en ny energimelding som bl.a. vil drøfte mulighetene for gasskraftverk i Norge.

Det vil bli lagt frem planer for utbygging av gassfeltene Troll og Sleipner.

Regjeringen vil arbeide aktivt for nye tiltak mot sur nedbør og andre forurensninger nasjonalt og internasjonalt. Miljøvernets forebyggende karakter vil bli styrket.

Regjeringen vil stimulere til økt utbygging av barnehager og fritidshjem.

Det vil bli lagt frem meldinger om revidert mønsterplan for grunnskolen og om forsøks- og utviklingsarbeidet i skolen. Regjeringen vil styrke grunnlaget for livslang læring.

Nærkringkasting vil bli foreslått gjort permanent, og NRK vil få en friere stilling.

Regjeringen vil legge frem en melding om TV 2.

Det vil bli foreslått en ny lov om kino og videogram.

Regjeringen vil arbeide for lovfestet rett til utdanning eller arbeid for ungdom under 20 år. Det vil bli lagt frem en melding om studiefinansiering.

Regjeringen vil bevare Den norske kirke som en folkekirke og vil føre reformarbeidet videre.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og
erklærer Norges 131. ordentlige Storting åp-
net.

Melding frå Kongen til Stortingset om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Anne-Lise Bakken:

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale samarbeidet for fred, tryggleik og avspenning.

Det omfattende og nære samarbeidet med dei andre nordiske landa er ført vidare. Å styrke dette samarbeidet ytterlegare er ei hovedoppgåve for norsk utanrikspolitikk.

Det nære samarbeidet med allierte og nærliggende land i Vest-Europa og Nord-Amerika er ført vidare både tosidig og innanfor ulike politiske og økonomiske samarbeidsorganisasjoner som Atlantverket, Europaratet, OECD og EFTA. Kontaktane med Det europeiske fellesskapet og med det utenrikspolitiske samarbeidet mellom EF-landa (EPS) er vortne styrkte. At Spania og Portugal vart medlemmer i EF den 1. januar 1986, og at Den felles europeiske akta er vedteken, har ført til at desse kontaktane er viktigare enn før.

Noreg og dei andre landa i EFTA skreiv i juli 1986 under avtaler med EF om å tilpassa frihandelsavtalene våre til spansk og portugisisk EF-medlemskap.

Etter dei siste tollnedtrappingane i handelsavtalene mellom alle EFTA-land og EF, har arbeidet i EFTA-samanheng halde fram med sikte på å gjennomføre den såkalla Luxembourg-erklæringa om eit nærrare økonomisk samarbeid mellom alle dei vesteuropeiske landa.

På ministermøtet i EFTA i juni i år, der også EF-kommisjonæren for utenrikskontaktar var med, gjorde ein monaleg framsteg i arbeidet med å fjerne handelshindringar som ikkje gjeld toll, og i samarbeidet om forskning og utvikling.

Det tryggingspolitiske samarbeidet i NATO byggjer på målsetjinga om eit effektivt forsvar og samstundes arbeid for avspenning og dialog med Sovjetunionen og landa i Aust-Europa. På dette grunnlaget har Noreg stødd arbeidet i alliansen for å styrke fellesforsvaret. Arbeidet for avspenning på Konferansen

om tryggleik og samarbeid i Europa (KSSE) har også vore eit viktig verkemiddel i denne samanhengen.

Noregs bidrag til arbeidet for rustningskontroll og nedrustning har i hovudsaka vore knytt til rådføringane i NATO. Siktemålet frå norsk side har vore større tryggleik på eit så lågt styrkenivå som mogleg.

Regjeringa har stødd freistnaden på å redusere det konvensjonelle militære styrkenivået i heile Europa, slik det er uttrykt i fråsegna frå utanriksministermøtet i NATO i Halifax i mai i år. Konkrete resultat i forhandlingane i Wien om gjensidige og balanserte styrkeredeksjonar i Europa og ei avtale i Stockholm om konkrete tillits- og tryggingsskapande tiltak vil legge tilhøva til rette for ei nedbygging av dei konvensjonelle militære styrkane i Europa.

Regjeringa har lagt vekt på å delta aktivt i nedrustningsarbeidet både på Nedrustingskonferansen i Genève (CD) og i FN. Frå norsk side har ein lagt fram eigne dokument og studiar både om forbod mot kjemiske våpen og full stans i prøvene med kjernevåpen. I samsvar med at ein er vorten samd med Ungarn om gjestingar mellom det norske nedrustningsutvalet og det tilsvarande organet på ungarsk side, vitja det norske utvalet Ungarn i oktober 1985.

Saman med dei andre nordiske landa tok Noreg i 1985 eit initiativ med sikte på å styrke organisasjonen i Dei sameinte nasjonane, m.a. gjennom rasjonaliserings- og effektiviseringsstiltak. Noreg har hatt formannsvervet i ein særskild FN-komité som har drøft desse spørsmåla.

Etter oppmøding frå generalsekretæren i FN har Noreg framleis stilt tropper til rådvelde for dei fredsvernande styrkane i Sør-Libanon (UNIFIL). Noreg vil halde fram med å sende observatørar til dei FN-misjonane som er oppretta.

Noreg har teke del i arbeidet innanfor dei ulike FN-organa og andre internasjonale fora for å betre dei økonomiske vilkåra i utviklingslanda. I denne samanhengen har Regjeringa gått inn for å styrke og effektivisere det multilaterale systemet for globalt økonomisk samarbeid og utvikling. Engasjementet i samarbeidet innanfor FN-konferansen om handel og utvikling (UNCTAD) er ført vidare. Sentralt i dette arbeidet står førebuingane til den 7. hovudkonferansen i UNCTAD, som vil finne stad i 1987. Med sitt formannskap i OECDs nord-sør-gruppe spelar Noreg i denne samanhengen ei viktig rolle i førebungsprosessen.

Regjeringa har støtt arbeidet med ein in-

ternasjonal kodeks for teknologioverføringar og ein internasjonal åtferdkodeks for transnasjonale selskap.

Gjeldskrisa i utviklingslanda er ein trussel mot det internasjonale handels- og finansieringssystemet samtidig som den hindrar utviklingsprosessen i dei landa som blir ramma. Noreg har teke aktivt del i det internasjonale samarbeidet for å finne fram til langsigktige løysingar på desse alvorlege problema, m.a. råvareavtaler og kompensasjonsordningar, som kan betre og stabilisere eksportinntektene i u-landa. I tillegg har det vore arbeidd både tosidig og fleirsidig med siktet på å betre dei strukturelle tilhøva i råvaresektoren, m.a. ved at utviklingslanda i større grad enn før tilverkar eigne råvarer.

Noreg og dei andre nordiske landa har halde fram med å delta aktivt i arbeidet for å utvikle eit breiare økonomisk samarbeid med landa i det sørlege Afrika (SADCC-landa). Forhandlingane mellom Norden og SADCC om ei fellesfråségn om eit utvida økonomisk og kulturelt samarbeid og ei ramme for eit samarbeidsprogram vart sluttførte i januar 1986. Med utgangspunkt i desse grunnleggjande dokumenta går arbeidet med å finne fram til, utforme og setje i verk konkrete samarbeidstiltak føre seg, særleg med omsyn til produksjon, handel og finanzielle ordningar i SADCC-regionen.

Situasjonen i det sørlege Afrika er vorten meir tilspissa og gjev grunn til uro. Noreg har på det sterkeste teke fråstand frå unntakstilstanden som vart gjennomført 12. juni i år, som har ført til at fleire hundre personar er drepne og mange tusen er internerte.

Den brutale undertrykkinga av dei svarte innbyggjarane held fram samtidig som motstanden mot apartheid stadig aukar. Sør-Afrika har også halde fram med den ulovlege okkupasjonen av Namibia.

Freistnadene på å få i stand ein dialog med dei sørifikanske styresmaktene for å få slutt på apartheid på fredeleg vis og oppnå sjølvstende for Namibia, har vore nytteause. Noreg har gått inn for at Tryggingsrådet i FN skal vedta bindande sanksjonar mot Sør-Afrika.

For å støtte dei som kjempar mot apartheid, har Noreg gjeve monaleg humanitær hjelp til flyktningar frå Sør-Afrika og Namibia, frigjeringsrøslene ANC, PAC og SWAPO, og til offer for apartheidpolitikken inne i Sør-Afrika. Det har også vore gjeve monaleg hjelp til flyktningar i mange land, både gjennom FNs høgkommisær for flyktningar og frivillige hjelpeorganisasjonar.

Noreg har ytt monaleg humanitær hjelp til flyktningar frå Afghanistan og Kampuchea.

Vietnamesiske flyktningar som blir tekne opp av norske skip, er garanterte innreise til Noreg. Som ei følgje av eit internasjonalt kvotesystem er det komme færre båtflyktningar til Noreg det siste året. Det samla talet på sør-austasiatiske flyktningar i Noreg er no om lag 5 500. Noreg tok også imot flyktninggrupper frå andre land i Asia og frå Latin-Amerika og Afrika.

Stønaden til internasjonal naudhjelp er halde opp. Den blir fordelt omrent likt på internasjonale og frivillige norske organisasjoner. Ein stor del av hjelpa er gått med til naudhjelpsprosjekt i det nordlege Afrika og til hjelpearbeid blant flyktningar frå Afghanistan.

Noreg har som medlem av FNs menneskerettsskommisjon frå 1. januar 1986 arbeidd aktivt for å styrke det synet at krenkingar av menneskerettane, same kvar dei finn stad, kjem heile verdssamfunnet ved. I kommisjonen har Noreg komme med fleire framlegg med siktet på å få oppslutning om dei normene som er etablerte på menneskerettssområdet innanfor FN.

Noreg har hatt bilaterale kontaktar med andre oljeproduserande land i og utanfor OPEC om dei ulike sidene ved norsk petroleums politikk og produksjon. Arbeidet for ein stabil oljepris på eit høgare nivå har stått sentralt i desse kontaktane.

Noreg har på brei basis teke del i samarbeidet innanfor ramma av Det internasjonale energibyrået, IEA. Dette samarbeidet tek mål av seg til å tryggje energiforsyningane både gjennom sams utgreiingar, energisparingstiltak og spreing av forsyning og kriselagring.

Forhandlingane om fullt medlemskap i Den europeiske romorganisasjonen (ESA) er no fullført.

Konvensjonen om skiping av ein europeisk organisasjon for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT), som vart ratifisert 18. april 1985, tok til å gjelde 19. juni 1986. Noreg har lagt vekt på å ta større del i europeiske teknologiske og vitskaplege samarbeidsprosjekt mellom EF, EF-land og andre vesteuropeiske land som ikkje er medlemmer av EF (COST).

Noreg tok i 1983 initiativ til ei rammeavtale om vitskapleg og teknologisk samarbeid mellom Noreg og EF, og avtala vart underskriven i Brussel den 27. juni i år. Noreg tek dessutan del i Eureka, det teknologiske samarbeidet i Europa som Frankrike tok initiativ til i juli 1985. Under ministerkonferansen i London vart det gjort vedtak om å skipe eit Eurekasekretariat. Noreg får ein plass i dette sekretariatet.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt energi-

samarbeid, m.a. innanfor FN, Det internasjonale energibyrået (IEA) og innanfor det nordiske samarbeidet. IEA legg i arbeidet sitt særleg vekt på sikker forsyning av olje og gass.

Reaktorulykka i Tsjernobyl har i stor grad verka inn på det internasjonale energisamarbeidet. Sovjetunionen har gjennom Det internasjonale atomenergibyrået (IAEA) etter kvart gjeve open og fyldig informasjon om korleis ulykka gjekk for seg og skadane som den valda. Atomenergibyrået arbeider no med å få i stand bindande internasjonale avtaler om tidleg varsling og gjensidig assistanse dersom liknande ulykker skulle hende. Noreg har gjennom den siste toårsperioden vore medlem av styret i atomenergibyrået og har teke aktivt del i dette arbeidet.

I Det nordiske kontaktorganet for atomenergispørsmål (NKA) har ein utveksla informasjon om Tsjernobyl-ulykka og drøft følgjene i dei nordiske landa. Styresmaktene i Norden har også gjennom direkte kontaktar heile tida prøvd å halde kvarandre orienterte om dei skadeverknader som er avdekte i dei einskilde landa.

Det er underskrive samarbeidsprogram for tre nye år under kulturavtalene med Bulgaria, Hellas, Jugoslavia og Forbundsrepublikken Tyskland.

Rådet for Noregs-informasjon er reorganisert og effektivisert.

Auken i løvingane til utviklingshjelp og humanitært hjelpearbeid dei seinare åra har vorte ført vidare både i 1985 og i 1986. Etter dei offisielle reglane for stønad i OECD utgjorde dei norske overføringane i 1985 om lag 1 prosent av bruttonasjonalproduktet.

I 1985 fordelt overføringane seg med nærmere 54 prosent for den tosidige hjelpa og nærmere 43 prosent for den fleirsidige. Om lag 3 prosent av midlane vart nytta til administrasjon og opplysningsarbeid.

Løvingane til internasjonalt humanitært hjelpearbeid og hjelp til flyktningar har auka kraftig i forhold til 1984. Det same gjeld dei allmenne overføringane til private organisasjoner.

Meir enn halvparten av den tosidige hjelpa gjekk til dei ni hovudsamarbeidslanda. Det er lagt særleg vekt på å auke overføringane til land i Afrika.

Tanzania er framleis det landet som tek imot mest stønad frå Noreg. Energiutvikling og kysttransport er her blant dei viktigaste sektorane. I Zambia er innsatsen først og fremst retta mot landbruk, bygdeutvikling og vassforsyning. I Mosambik er den norske innsatsen framleis konsentrert om kraftutbygg-

ing og kysttransport, medan Botswana i hovudsak tek imot hjelp til helsetiltak, vegrar og landsbygdutvikling.

Den norske stønaden til det regionale samarbeidet mellom 9 land i det sørlege Afrika, SADCC-landa, har halde fram. Formålet er å stimulere den økonomiske utviklinga i regionen og gjere den meir uavhengig av styresmaktene i Sør-Afrika. Stønaden har såleis vore retta mot sektorar der landa er mest avhengige av apartheidregimet, m.a. vegrar, jernbanar, havner og telekommunikasjonar. Zimbabwe er det landet som, med unntak av hovudsamarbeidslanda i regionen, tek imot mest norsk stønad.

Rammevilkåra for den norske stønaden til landa i det sørlege Afrika vart ytterlegare utvida då det i januar 1986 vart vedteke ei felleserklæring mellom SADCC-landa og dei nordiske landa om eit breiare økonomisk og kulturelt samarbeid mellom dei to regionane.

Det er vedteke ein langsiktig plan for tørkebeltet i sørkanten av Sahara. Hovudmålsettjinga er auka matproduksjon og økologisk rehabilitering. Innsatsen er særleg stor i Mali, Sudan og Etiopia, og vil bli kanalisiert gjennom private og multilaterale organisasjonar.

Den tosidige hjelpa til land i Asia har vore om lag like stor som tidlegare. Stønaden til dei fire hovudsamarbeidslanda Bangladesh, India, Pakistan og Sri Lanka har i større grad enn for hovudsamarbeidslanda i Afrika bygd på mindre personellkrevjande stønadsformer som varehjelp og importstønad. Viktige tiltak innanfor distriktsutbygging, helse og familieplanlegging bør også nemnast.

Den norske innsatsen i Mellom-Amerika er aukande, spesielt i Nicaragua. Departementet for utviklingshjelp har greidd ut ein strategi for innsatsen i området med særleg vekt på å styrke eit fredeleg politisk og økonomisk utviklingssamarbeid innanfor regionen.

Ordnings med blanda kredittar og andre tiltak for å stimulere det industrielle og økonomiske samarbeidet med utviklingslanda er ført vidare.

Arbeidet med å integrere kvinnene sterke i utviklingsprosessen held fram etter fastlagde retningslinjer.

Stønad til miljøtiltak og ressursbevaring i utviklingslanda har fått stadig høgare priorititet.

Arbeidet med menneskerettane er også vorte sterke integrert i utviklingspolitikken. Frå og med 1985 blir det gjeve ut årbøker om menneskerettssituasjonen i dei viktigaste samarbeidslanda.

Frå og med 1985 har Departementet for utviklingshjelp sett i gang ei rad landstudiar

som er ein ny reiskap for evaluering og langtidsplanlegging av hjelpe til hovudsamarbeidslanda.

Utbetalingsane til fleirsidig hjelpe auka i 1985 med om lag 10 prosent i høve til 1984. Midlane er konsentrerte om dei organisasjonane som ein meiner best vil sikre dei norske målsetjingane, og som ein meiner arbeider mest effektivt.

Dei største mottakarane av den fleirsidige hjelpe er FNs utviklingsprogram (UNDP) og Det internasjonale utviklingsfondet (IDA). Overføringer til aksjonsprogrammet for Afrika sør for Sahara som Verdsbanken har sett i verk, er ein viktig del av dette. Matvarehjelpe og tiltak innanfor jordbruks og fiske, i hovudsak gjennom Verdsmatvareprogrammet, har også fått høg prioritet. FNs barnefond (UNICEF) er også blant dei største mottakarane.

Regjeringa har teke aktivt del i arbeidet i EF og EFTA-landa med å styrke den vesteuropæiske marknaden. Ein har oppnådd konkrete resultat på administrative og tekniske område, særleg når det gjeld opphavsreglar og andre grenseformalitetar. Likeins er samarbeidet innanfor forsking og utvikling bygd vidare ut.

Medlemskapen til Spania og Portugal frå 1. januar 1986 har ytterlegare forsterka den vesteuropæiske integrasjonen. Den norske regjeringa har, saman med dei andre EFTA-landa, forhandla med EF om å tilpassa dei tidlegare frihandelsavtalene.

Dei tiltaka som er nemnde ovanfor, vil supplert med det nordiske samarbeidet og dei tosidige sambanda med EF, betre handelssamkvemmet med dei største handelspartniane våre.

For å motverke følgjene av reduserte oljeinntekter har Regjeringa lagt stor vekt på å stimulere til auka eksport og internasjonalisering, og styrke det eksportfremjande arbeidet gjennom ei effektivisering og betre samordning av dei verkemidla som finst, og av verksemda i dei einskilde offentlege institusjonane.

Regjeringa ser det som ei viktig handelsspolitisk målsetjing å styrke det økonomiske samarbeidet mellom Noreg og utviklingslanda, m.a. ved å inngå avtaler om økonomisk, industrielt og teknisk samarbeid.

Den nye Multifiberavtala under GATT som det vart semje om i juli i år, forpliktar Noreg til å føre ein gradvis meir liberal importpolitikk for tekstilar. Dette vil komme til uttrykk ved reforhandlingane av dei eksisterande avtalene med 15 land om avgrensing av tekstilimporten til Noreg.

Det er lagt vekt på å utvikle det økonomiske og handelsspolitiske samkvemmet med

Sovjetunionen, dei austeuropeiske landa og Kina.

I samsvar med ønske i Stortinget har Regjeringa sett i verk ei rekke tiltak med sikt på å redusere samhandelen med Sør-Afrika og Namibia. Regjeringa har også arbeidd med eit framlegg til lovforbod mot norsk handel med Sør-Afrika og Namibia. Vidare har Regjeringa tosidig og i FN arbeidd for å få i stand internasjonal oppslutning om handelsspolitiske og skipsfartspolitiske tiltak mot Sør-Afrika.

Sidan april 1986 har det vore gjennomført ei registreringsordning i samarbeid med Noregs Rederiforbund for norske skip som går til Sør-Afrika med råolje.

Ein har frå norsk side teke aktivt del innanfor dei internasjonale skipsfartspolitiske organa. I OECD vart ein i juli 1986 samd om eit nytt skipsfartspolitisk instrument som vil hjelpe til å styrke arbeidet for ein liberal skipsfartspolitikk. Innanfor UNCTAD vart det i februar 1986 avslutta ein konferanse der ein kom fram til semje om ein konvensjon for registrering av skip.

Lova om verksemda for linjekonferansar tok til å gjelde frå 28. desember 1985.

Forsvarsplanlegginga har halde fram etter dei langsiktige retningslinjene som er gjevne i St.meld. nr. 74 for 1982–83. Dei årlege løvingsvedtaka har vore i samsvar med føresetnadene i meldinga.

Fase ein i innkjøpet av avdelingsrakettluftvern av typen Robot 70 er no i ferd med å bli avslutta. Dermed vil dei seks høgast prioriterte brigadane vere utstyrt med dette våpensystemet. Fase to i prosjektet er sett i verk ved innkjøp av fleire Robot 70 til Hæren. Hæren har inngått kontrakt om kjøp av nye lastevogner og spesialkjøretøy og fleire stridsvogner av typen M48A5, som skal nyttast som panserjaggarar. Ein ventar at leveransen av feltvogner i standardversjonen er sluttført innan utgangen av året.

I Sjøforsvaret held oppdateringa av eskortefartøya og undervassbåtar av Kobbenklassa fram, samstundes som samarbeidet med Vest-Tyskland om nye undervassbåtar av ULA-klassa blir ført vidare.

Luftforsvaret har i inneverande år m.a. kontraktfest innkjøp av to F-16B som konverteringsfly, fire Safari skolefly og tolv helikopター av typen 412 SP. Noreg deltek i eit felles utviklingsprosjekt av ein ny luft-til-luft-rakett med kort rekkevidd (ASRAAM) saman med Storbritannia og Vest-Tyskland. Ein luft-til-luft-rakett med mellomlang rekkevidd (AMRAAM) blir utvikla i USA. Medlemskap i den såkalla firemaktsavtala vil gje Noreg og norsk industri høve til å delta i ein eventuell euro-

peisk samproduksjon av AMRAAM.

Til Forsvarets digitale nett (FDN) er det no inngått kontrakt som vil betre meldingstenes-ta i Forsvaret monaleg. Ei rekke byggjetiltak i samband med omorganiseringa av brigaden i Nord-Noreg til Brigade 90 panserforsterka, er sette i gang.

Forsvarsanlegg for 120 mm kanonar i Kyst-artilleriet og byggjearbeida for Hawk luftfor-svarsrakettar blir ført vidare.

Det er sett i gang bygging av fleire befals-og mannskapsforlegningar.

Oppføringa av dei permanente lagra for den amerikanske marineinfanteribrigaden i Trøn-delag er no i full gang.

Moderniseringa av banedekket på Værnes flystasjon er venta å bli fullført dette året.

På einskilde felt og for visse kategoriar av personale er stoda i Forsvaret vanskeleg. Det gjeld særleg jagarflygarar og teknisk perso-nale i alle forsvarsgreiner. Likevel må ein kunne seie at den generelle personalstoda er rimeleg god.

Det omsette volumet i den innanlandske detaljhandelen auka i 1. halvår 1986 med 11,5 prosent samanlikna med 1. halvår 1985. Hø-gast var omsetningsauken i gruppene «motor-kjøretøy» og «bensin» med heile 28,7 prosent.

Det omsette volumet i engroshandelen låg i første kvartal 1986 9,3 prosent over det tilsva-rande kvartalet i 1985. Held ein motorkjøretøy og bensin utanfor, var veksten 6,4 prosent.

Omsetningsveksten i varehandelen har ført til auka sysselsetjing i næringa. I andre kvar-talet 1986 var det om lag 26 500 fleire syssel-sette samanlikna med andre kvartalet året før. Av desse var om lag 19 000 i detaljhande-len. Det er no om lag 322 500 sysselsette i va-rehandelen. Men ein stor del av dei er del-tidssysselsette.

Brutto fraktnintekter og utgifter skipsfarten hadde i utlandet i 1985, var kvar for seg 37,0 milliardar og 27,1 milliardar kroner. Brutto fraktnintekter utgjorde 16 prosent av dei to-tale eksportinntektene i 1985.

Folkemengda pr. 1. april 1986 var 4 162 400. I kalenderåret 1985 auka folkemengda med 13 500. Av dette utgjorde den naturlege tilvek-sten (fødselsoverskottet) 7 200, eller knapt 0,2 prosent. Dette gjev eit tal for samla formeir-ingsevne på 1,67. Talet er på same nivå som i 1983 og 1984. Nettoinnflytinga til Noreg auka i 1985 med 67 prosent, til 6 200, og er det høgaste talet som er registrert sidan 1971.

Førerels oppgåver over varebytet med ut-landet syner at verdien av innførsla (utanom skip og oljeplattformer) i dei sju første måna-dene av 1986 var 84,4 milliardar kroner, eller 13,3 milliardar kroner meir enn i same tids-rommet i fjer. Verdien av utførsla utanom

skip og oljeplattformer, var 72,4 milliardar kroner, eller om lag 21,2 milliardar mindre enn i januar–juli 1985. Av utførsla i dei første sju månadene utgjorde råolje og gass 32,4 milliardar kroner, mot 50,0 milliardar kroner i same perioden i fjer.

I januar–april 1986 var det eit importover-skott for varer i alt på 3,7 milliardar kroner, mot eit eksportoverskott på 15,8 milliardar kroner i januar–april 1985. Importverdien av tenester var om lag den same som eksport-verdien i januar–april 1986, medan det var ein netto eksport av tenester på 2,5 milliardar kroner i same perioden i 1985. For renter og stønader var det eit underskott i januar–april 1986 på 4,9 milliardar kroner mot 4,3 milliar-dar kroner i januar–april 1985.

For perioden januar–april 1986 var det eit underskott på driftsrekneskapen overfor ut-landet på 8,6 milliardar kroner mot eit over-skott på 14,0 milliardar kroner i januar–april 1985. Overskottet på driftsrekneskapen for ja-nuar–april 1986 og ein netto utgang av lang-siktig kapital på 1,4 milliardar kroner vart motsvart av ein netto inngang av kortsliktig kapital på 10,0 milliardar kroner.

I oljeutvinning, bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen om lag uendra dei seks første månadene i 1986 i høve til same perioden i 1985. Oljeutvinning og bergverksdrift auka med 0,5 prosent, medan industrinaeringane synte 1,1 prosent auke frå 1985 til 1986. Kraftforsyninga gjekk ned med 7,2 prosent i høve til same perioden året før.

Samanlikna med dei seks første månadene i 1985 var det ein produksjonsauke på 0,7 pro-sent i skjerma og 2,3 prosent i heimekonkur-rerande industri. I utekonkurrerande industri og bergverksdrift synte produksjonen 0,2 pro-sent nedgang i same tidsrommet.

Produksjonen av olje og gass på norsk kontinentsokkel var i 1985 65,1 millionar tonn oljeeiningar, medan den i 1984 var 62,1 millio-nar tonn oljeeiningar. I dei første seks måna-dene av 1986 vart det produsert 32,1 millionar tonn oljeeiningar. Dette er om lag ein prosent mindre enn i den same perioden i fjer.

Påløpte kostnader til investeringar i oljeut-vinning og rørtransport var i 1985 32,9 milliar-dar kroner, om lag på same nivå som i 1984. Ein reknar med at kostnadene for 1986 ligg om lag 5 milliardar kroner høgare.

Det totale salet av petroleumsprodukt var i 1985 8 300 millionar liter, ein auke på 4,7 pro-sent frå 1984. Totalsalet dei første seks måna-dene av 1986 var 4 400 millionar liter, ein auke på 9,4 prosent i høve til same perioden i 1985.

I 1985 auka den installerte maskinkapasite-ten for kraftproduksjon med 833 MW og fast-

kraftproduksjonsevna med om lag 1,3 TWh. I første halvdel av 1986 var tilveksten i installert maskinkapasitet 688 MW. Fastkraftproduksjonsevna auka med om lag 1,6 TWh.

Produksjonen av elektrisk kraft var i 1985 103,2 milliardar kilowatt-timar, 3,2 prosent mindre enn i 1984. I dei første seks månadene av 1986 var produksjonen 51,4 milliardar kilowatt-timar. Det er ein nedgang på 7,2 prosent i høve til dei seks første månadene i 1985. Det totale bruttoforbruket av elektrisk kraft har dei seks første månadene i 1986 gått ned med 2,0 prosent i høve til same tidsrommet året før. Det temperaturkorrigerte forbruket av kraft til vanleg forsyning auka med om lag 4 prosent for den tilsvarende perioden.

I tolv månadersperioden juli 1985 til og med juni 1986 var bruttoforbruket av kraft 101,5 milliardar kilowatt-timar, ein auke på 1,2 prosent i høve til same perioden eitt år tidlegare. Magasinfyllinga var ved utgangen av juli i år 71 prosent, mot 67 prosent på same tid i fjor. Energimengda i magasina var ved utgangen av juli i år rekna til 52,3 TWh mot 49,6 TWh på same tid i fjor.

Handelsflåten minka med 1 894 000 bruttotonn i første halvår i år, og var på 8,9 millionar bruttotonn ved utgangen av juni. Tanktonnasjen minka første halvår med 1 027 000 bruttotonn. Ved utgangen av 1985 var det ved utanlandske verkstader skip under bygging eller tinga for norsk reking på til saman 0,7 millionar bruttotonn. Det var ein nedgang på 0,4 millionar bruttotonn frå utgangen av 1984. For tørrlastskipa har fraktratane vore tilnærma konstante i 1984 og gjekk noko ned i 1985 og første halvår av 1986. Ratane for tankskip har òg vore dårlige. Dette gjeld særleg dei store tankskipa. Ved utgangen av juni låg 1,7 prosent av handelsflåten i opplag, mot eit opplag på 10,1 prosent ved utgangen av juni i fjor. Sommaren 1986 var det 25 norsk-registrerte plattformer og boreskip. Leigeinntektene gjekk noko ned i 1985 samanlikna med året før.

Konsumprisindeksen for dei åtte første månadene i året låg i gjennomsnitt 6,4 prosent høgare enn i same perioden i fjor. Tilsvarende tal for året før var 5,6 prosent. Frå august 1985 til august 1986 var auken 8,1 prosent. Engrosprisindeksen for dei åtte første månadene i 1986 låg i gjennomsnitt 2,1 prosent høgare enn i den tilsvarende perioden i fjor, medan produsentprisindeksen låg 3,5 prosent lågare.

I 1985 vart det totalt sett i gang bygging av 26 785 bustader og fullført 26 114 bustader mot tilsvarende 26 169 igangsette og 30 866 fullførte bustader i 1984. Talet på bustader som vart påbegynte, var i første halvår 1986 12 054

mot 10 959 i 1985. Tilsvarende tal for fullførte bustader var 12 113 og 12 763. For andre bygg enn bustader var det i første halvår 1986 sett i gang arbeid med 1 792 000 m². Det er ein auke på 22,3 prosent i høve til fjoråret.

For jordbruket har det vore skiftande vekstvilkår i dei ulike landsdelane i 1986. Austlandet og Sørlandet har fått lite nedbør utover sommaren. Dette har ført til tørkeskadar på korn og poteter i indre strøk i regionen. I andre strøk av Austlandet er det også i år mange fine kornåkrar. Ein god del nedbør i siste delen av juli vil få positiv verknad for avlingsresultatet på Austlandet. I andre delar av landet har det vore gode vekstvilkår. På bakgrunn av dette må ein kunne rekne med normallavlingar for dei fleste vekster i størsteparten av landet. Dette gjeld også for Nord-Noreg, der det i år var lite overvintringsskadar på eng i tillegg til at vekstvilkåra har vore gode utover sommaren.

For grønsaker ventar ein stort sett normale avlingar for dei fleste slaga, men det vil variere noko frå fylke til fylke. På grunn av dårlig vér under blomstringa må ein vente at fruktavlingane blir under det normale.

For at vi skal nå produksjonsmålsetjinga i landbruksdelen, er det rekna med eit arealbehov på om lag 9,7 millionar dekar. Dette målet er ein i ferd med å nå, og nydyrkingsaktiviteten vil derfor bli trappa ned i åra framover.

Mjølkeproduksjonen er rekna til å bli på 1 797,9 millionar liter mjølk i 1986. Det er ein nedgang på 19 millionar liter i høve til 1985. Tendensen til no i 1986 viser at konsummjølksalet er lågare enn for same perioden året før. Førebels er nedgangen vel 2 prosent.

Produksjonsregulerande tiltak har saman med ein generell auke i etterspørselen redusert overproduksjonen av husdyr, særleg når det gjeld kjøtt. Innanfor ramma av jordbruksavtala er det lagt opp til å gjøre dei ulike ordningane meir effektive, og fleire tilskottsortningar er oppheva. Det blir sett inn heller store midlar i vekstnæringer knytte til landbruksdelen, som skogbruk, pelsdyrhald og bygdeturisme.

For første gong er det sett i verk tiltak for å gje kvinnene betre høve til arbeid og høgare status i landbruksdelen. Radioaktivt nedfall frå reaktorulykka i Sovjetunionen i april 1986 førte til at ein del saue- og reinsdyrkjøtt ikkje kunne seljast til menneskemat. Regjeringa har vedteke at den enkelte produsenten ikkje skal lide økonomisk for tap som oppstår på grunn av tiltak som styresmaktene set i verk.

I skogbruket vart det avverka 8,7 millionar m³ tømmer og ved for sal i driftsåret 1984–85. Førebels tal tyder på at avverkinga for 1985–86 vil ligge litt høgare. Det er satt i

gang ei rekkje prosjekt det siste året for å auke avverkinga, m.a. ved hjelp av midlar frå Landbruks utbyggingsfond.

Ubyttet av fisket var 1. halvår 1986 1 019 millionar tonn, mot 1 184 millionar tonn 1. halvår 1985. Førstehandsverdien i 1. halvår var om lag 2 306 millionar kroner, som er om lag 18 millionar meir enn i same tidsrommet i fjor. Av torsk er det teke om lag det same kvantumet som i fjor, av lodde 221 000 tonn mindre og industrifisk 79 000 tonn meir enn til same tid i fjor. Av sild var det teke om lag 8 200 tonn meir i 1. halvår samanlikna med same tid i fjor. Av oppdrettsfisk var det 1. halvår omsett 20 853 tonn til ein verdi av 778 millionar kroner, mot 12 900 tonn og 566 millionar kroner 1. halvår 1985. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk opp frå 4 045 millionar kroner pr. 31. juni 1985 til 4 127 millionar kroner pr. 31. juni 1986.

Ved utforminga av finanspolitikken for 1986 er det framleis lagt stor vekt på å unngå forsterk auke i dei offentlege utgiftene. Åtgjerder som Regjeringa har sett i verk for å minskje utgiftsaukaen, har likevel gjort det mogleg med ein noko sterkare auke av utgiftene før lån på statsbudsjettet for å styrke den offentlege innsatsen på prioriterte område.

Frå første halvår 1985 til første halvår 1986 stig driftsutgiftene og utgiftene til investeringar utanom statleg petroleumsverksemd med 9,7 prosent. Overføringane auka med 16,7 prosent. Dei samla utgiftene medrekna lånetransaksjonar var 118,8 milliardar kroner i første halvår 1986. I same tidsrommet var overskottet på statsbudsjettet medrekna folketrygda 13,6 milliardar kroner, eller om lag 1,6 milliardar kroner større enn året før. Underskottet før lånetransaksjonar (korrigert for oljeskattar, statleg petroleumsverksemd og overføringar frå Noregs Bank), som viser verknadene budsjettet har på den innanlandske økonomien, var i første halvår 1986 10,0 milliardar kroner, mot 10,8 milliardar kroner i den same perioden i 1985.

Dei samla utlåna frå forretnings- og sparebankane auka i 1985 klart meir enn føresetnaden var i kredittbudsjettet. Dette førte med seg eit for sterkt og skadeleg etterspørselspress i økonomien. Penge- og kredittlova vart endra i desember 1985. Dei viktigasta endringane var å setje opp maksimalsatsen for primærreservekravet for bankar og finansringsselskap, høve til å påleggje andre finansinstitusjonar primærreservekrav og høve til ei direkte regulering av utlåna frå dei kredittinstitusjonane som ferdar ut obligasjoner.

I januar 1986 vart det gjennomført kredittpolitiske tiltak. Sørnorske bankar og finansie-

ringsselskap fekk heva primærreservekravet samstundes som alle bankar vart pålagde eit tilleggsreservekrav på auken i utlåna. Livstrygdelaga vart for første gong pålagde eit primærreservekrav på 2,5 prosent. I tillegg vart garantiar frå finansieringsinstitusjonane for lån på den uregulerte marknaden regulerte.

Renta på statspapir blir òg heva med 0,4–0,7 prosentpoeng. Tiltaka hjelpte til å dempe den registrerte auken i pengemengda og kredittilførselen i første halvår i år samanlikna med 1985, men auken var framleis sterk.

I samband med det reviderte nasjonalbudsjettet vart kredittpolitikken stramma ytterleger til frå 1. juni. Rammene for utlån i kredittbudsjettet vart reduserte. Sørnorske bankar fekk redusert primærreservekravet, men fekk samstundes eit skjerpa tilleggsreservekrav og livstrygdelaga fekk auka primærreservekravet. Godkjenningsrammene i statsbankane for 1986 vart òg reduserte. Ordninga med valutainniskott i norske bankar vart oppheva 30. mai.

I samsvar med handlingsplanen for likestilling 1986–1990 er det sett i verk eit forskningsprogram for likestilling i samarbeid med andre departement og forskningsråd. Det er vidare sett ned eit departementsutval som skal greie ut kva rolle mannen har i omsorgsarbeidet, m.a. korleis menn bruker dei rettane dei har, og om hindringar dei møter som omsorgspersonar.

Handlingsplanen for likestilling blir følgd opp, m.a. er alle departement i gang med å utarbeide likestillingsprogram for sine fagområde.

Som eit ledd i oppfølgjinga av stortingsmelding nr. 50 for 1984–85 Om familiepolitikken har Regjeringa nemnt opp eit utval som skal vurdere enkeltpørsmål om rettstryggleik og sosial tryggleik for husstandsfellesskap mellom vaksne.

Vi har no om lag 100 000 barn i barnehagar. Dei utgjer om lag 28 prosent av alle barn i alderen 0–6 år.

St.prp. nr. 48 for 1985–86 vart drøft i Stortinget i mars 1986. I samsvar med den er det sett i gang forsøk med pedagogiske tilbod for 6-åringar. Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Forbrukar- og administrasjonsdepartementet samarbeider om forsøka, og det er skipa eit eige sekretariat i Forbrukar- og administrasjonsdepartementet. Om lag 48 kommunar er tekne ut til forsøka, og av desse begynte 12 kommunar i august 1986.

Som ledd i arbeidet med å formidle røynsler om oppvekstmiljøet til barn, er det utarbeidd eit informasjonsprogram «Barnets år-

hundre?» Formålet er å rette søkjelyset mot dei behov barna har, og presentere tiltak som kan betre oppvekstmiljøet.

Aksjon publikum, handlingsplan for ei meir publikumsretta offentleg verksem, vart avslutta ved utgangen av 1985. Den har ført til at ein har vorten meir merksam på dei interessene brukaren har, og det er sett i verk ei rekkje tiltak. Arbeidet blir ført vidare gjennom eit program for å fornye den offentlege forvaltninga, og gjennom arbeidet for å gjere offentleg verksem tilgjengeleg.

Arbeidet med å sanere årlege institusjonsmeldingar til Stortinget har halde fram. I Ot.prp. nr. 38 for 1985–86 Om lov om endringar i ymse lover om periodiske meldingar til Stortinget, gjorde ein framlegg om å oppheve plikta til å leggje fram årlege meldingar i ei rekkje lover.

I St.prp. nr. 1, tillegg nr. 3 for 1985–86 vart det gjort framlegg om å gjere om Statens datasentral til eit statleg aksjeselskap.

I St.prp. nr. 99 for 1985–86 gjorde ein framlegg om å omorganisere Statens rasjonaliseringsdirektorat for at det skal stå betre rusta til å løyse dei oppgåvne direktoratet vil få i samband med programmet for modernisering av statsforvaltninga som er under utarbeiding.

Det har vore ei klar betring på arbeidsmarknaden det siste året. Talet på sysselsette auka med 42 000, dvs. 2,1 prosent frå 1984 til 1985. Veksten har auka i 1. halvår 1986 der sysselsetjinga låg på 73 000, 3,7 prosent høgare enn året før. Talet på utførte timeverk auka med 5,0 prosent i same perioden. Det har vore ein auke i talet på sysselsette i industrien, byggje- og anleggsvirksemada og i tenesteytande næringar, medan sysselsetjinga i primærnæringane ligg på om lag same nivået som året før.

I 1985 vart det i gjennomsnitt registrert 51 400 arbeidslause, og av desse var det 29 800 menn og 21 600 kvinner. Den registrerte arbeidsløysa var i 1985 3,0 prosent av arbeidstyrken.

Tal for 1. halvår 1986 viser at nedgangen i arbeidsløysa held fram. Gjennomsnittet for 1. halvår 1986 var 37 500, 20 500 lågare enn 1. halvår 1985. Arbeidsløysa ved utgangen av juni 1986 låg 15 500 lågare enn eit år tidlegare. På landsdelsnivå har arbeidsløysa relativt sett gått mest ned i dei sentrale austlandsfylka, medan nedgangen har vore minst i Nord-Noreg.

Arbeidsløysa blant ungdom under 20 år synner framleis nedgang. At det vart oppretta ekstra elevplassar i vidaregående utdanning, har gjort sitt til at talet på ledige ungdommar har gått ned.

Ved utgangen av januar i år hadde dei ar-

beidslause vore registrerte som ledige gjennomsnittleg 20 veker, mot 22 veker i januar 1985. Talet på personar som har vore ledige eit halvt år eller meir, gjekk ned med 8 500. Arbeidsmarknaden er no i ferd med å bli strammare og arbeidsløysa er låg. Arbeidskraftstypesmakten har aktivt prøvd å minske tilpassingsproblema gjennom ulike former for arbeidsmarknadstiltak. Bruken av tiltak er vridd frå offentlege sysselsetjingstiltak over til kvalifiseringstiltak for å betre tilpassinga.

Også for budsjettåret 1986 vart det utarbeidd ein eigen beredskapsplan for arbeidsmarknadstiltak. Formålet var som tidlegare å avgrense verknaden av dei problema på arbeidsmarknaden som er knytte til visse næringar og visse distrikt i samband med strukturendringar i arbeidslivet og endringar i samsetjing og omfang i etterspørsele. Løyvingane til arbeidsmarknadstiltak er trappa ned.

For perioden januar–mai 1986 var det i gjennomsnitt sysselsett i alt 31 500 personar i arbeidsmarknadstiltak. Det er 9 000 færre enn i den tilsvarande perioden i 1985. Av dette utgjorde kommunale og fylkeskommunale syselsetningsprogram gjennomsnittleg 4 600 personar. Det var i den same perioden gjennomsnittleg sysselsett 10 300 yrkeshemma i mellombels og meir varige arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma.

Inntektene i kommunesektoren har gått opp med 12,4 prosent frå 1984 til 1985. Det er først og fremst ein vekst i skattane på 13,9 prosent som har ført til denne sterke auken i totalinntektene. I nasjonalbudsjettet for 1985 vart veksten i skatteinntektene i kommunesektoren rekna til 8,2 prosent. Dette har ført til at dei pårekna skatteinntektene er justerte opp med 2,9 milliardar kroner.

Veksten i aktiviteten i kommuneforvaltninga er rekna til 3,3 prosent frå 1984 til 1985. Dersom vi korrigerer for funksjonsfordelingsendringar, nedsett leseplikt i grunnskolen og mellombels kommunale syselsetjingstiltak, er veksten på 2,6 prosent.

Etter eit førebels overslag ser det ut som underskottet før lånetransaksjonar blir monaleg lågare i 1985 enn i 1984 og 1983. Dette kjem i hovudsak av den sterke veksten i inntektene.

Veksten i dei samla inntektene i kommuneforvaltninga frå 1985 til 1986 er rekna til 8 prosent. Dette er 2 prosenteiningar sterkare vekst enn det som er lagt til grunn i nasjonalbudsjettet for 1986. Den auka veksten i inntektene kan i stor monn komme av større lønnsvekst pr. kommunetilsett enn det ein tidlegare la til grunn.

Ein reknar no med at underskottet før lå-

netransaksjonar i kommunesektoren blir lågare enn i 1985 og dei nærmeste åra før.

I 1985 vart det utbetalt om lag 90 millionar kroner frå den statlege lønnsgarantiordninga. For første halvår 1986 utgjorde garantiutbetalingenane om lag 52 millionar kroner.

Det vart i 1985 gjeve tilsegn om lånegaranti for lån til arbeidsmiljøinvesteringar for til saman om lag 216 millionar kroner fordelt med 118 millionar kroner i lån og 98 millionar kroner i garanti.

Arbeidet med aktiv og utviklingsretta distriktspolitikk er styrkt. Nord-Noreg er særleg prioritert med sikt på å fremje eit meir variert og framtidsretta grunnlag for sysselsetting og busetting. Det er først og fremst Finnmark som har hatt ein tilbakegang i folketalet dei to siste åra.

Distriktsutbyggingsfondet gav i 1985 tilsegn om lån med 880,2 millionar kroner, tilsegn om nye garantiar for lån med 248,7 millionar kroner og tilsegn om investeringstilskott med 565,2 millionar kroner. Vidare vart det gjeve tilsegn om bedriftsutviklingstilskott med i alt 174,1 millionar kroner. Av dei samla tilsegnene frå fondet gjekk 39 prosent til Nord-Noreg. Dette er ein auke på 8 prosentpoeng frå året før. Pr. 30. juni 1986 er det gjeve tilsegn om lån med 465,5 millionar kroner, investeringstilskott med 312,5 millionar kroner og bedriftsutviklingstiltak med 111,9 millionar kroner. Første halvår i år viser ein monaleg auke i bruken av bedriftsutviklingstilskott i høve til første halvår i fjor. Dersom verksemndene i distrikta skal vere i stand til å konkurrere, er det viktig at dei får del i ny kompetanse og teknologi.

I 1985 vart det gjeve tilsegn om tilskott til kommunale utbyggingstiltak med i alt 226,6 millionar kroner. For første halvår 1986 er det gjeve tilsegn med 127,4 millionar kroner. Stønaden til kommunalt tiltaksarbeid er aukande.

I 1985 vart det gjeve stønad til prosjekt for høvesvis 30,5 millionar kroner og 8,7 millionar kroner over dei særskilde Nord-Noreg- og Vestlands-løyvingane. Frå og med 1986 er desse løyvingane samla i ei løyving for regional utvikling. Halvparten av midlane er spesielt øyremerkt for Nord-Noreg.

Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA) har 14 anlegg. I alt har selskapet pr. 31. desember 1985 bygd ut om lag 216 800 m² industrilokale. Den totale sysselsetjinga i desse lokala var pr. 31. desember 1985 3 762 personar, og av desse var det 793 kvinner og 2 969 menn.

Under ordninga med regional transportstønad vart det i 1985 utbetalt 130,6 millionar kroner.

Pr. 1. april 1986 var det busett 104 613 utanlandske statsborgarar i Noreg. Det er om lag 2,5 prosent av det samla innbyggjartalet.

Det er laga utgreiingar om «Alternativ finansieringsordning for offentlig tolketjeneste for innvandrere og flyktninger» og om «Unge innvandrere i Norge». Utgreiingane er sende ut til høyring.

Utgreiingane om «Samisk kultur og utdanning» og «Videregående opplæring for samer» blir no følgde opp i Kulturdepartementet i samråd med Kommunal- og arbeidsdepartementet, Justisdepartementet og andre aktuelle departement.

Regjeringa arbeider med ein lovproposisjon om eit eige sameting og ei eiga samelov.

Staten gjev frå 1986 over budsjettet for Forbrukar- og administrasjonsdepartementet eit særskilt tilskott til barnehagar der samisk er hovudspråket. Tilskottet kjem i tillegg til det ordinære driftstilskottet, og skal gje samiske barn eit barnehagetilbod som er forankra i den språklege og kulturelle bakgrunnen deira.

Retningslinjer for tilskott til språkutvikling i samiske aviser og publikasjonar vart fastsette av Forbrukar- og administrasjonsdepartementet den 10. juli 1986.

Utviklinga av det samla innanlandske persontransportarbeidet har synt ein klar vekst dei to siste åra etter ein stagnasjon i slutten av 70-åra og først i 80-åra.

Den innanlandske persontransportmarknaden er på nytt merkt av at dei kollektive transportmidla taper marknadsdelar i høve til dei private transportmidla, i første rekke personbilen. Kollektivdelen har no gått ned frå 26,2 prosent i 1980–81 til under 24 prosent i 1985.

Godstransportarbeidet innanlands syntre i 1985 ein auke på 8,2 prosent. Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1985 85 880 kilometer. Det er ein auke på 1 317 kilometer i høve til året før.

Av riksvegnettet har 96,0 prosent fast dekke. Totalt har 65,1 prosent av det offentlege vegnettet faste dekke.

I 1985 har den delen av riksvegnettet som tåler 10 tonns akseltrykk, auka med 1 683 km. Pr. 1. januar 1986 er det lov å kjøre med 10 tonnens akseltrykk på i alt om lag 63 prosent av riksvegane. Det er ein auke på om lag 7 prosenteiningar frå året før. 99,9 prosent av riksvegnettet kan trafikkerast med 8 tonns akseltrykk.

Mellom dei viktigaste vegstrekningane som vart opna for 10 tonns akseltrykk i 1985, var Rv 3 frå Lonåsen i Hedmark til grensa mot Sør-Trøndelag. Dermed er heile Rv 3 no tillaten for 10 tonn utanom teleloysingsperioden. 10 tonn vart også tillate på resten av Rv 14 i

Møre og Romsdal fylke.

Vegstellet avslutta og sette under trafikk 234 nybygde og ombygde bruer på riksvegane i 1985. Bruene hadde ei samla lengd på 6 512 meter. Den gjennomsnittlege brulengda var 28 meter og 8 av bruene var over 50 meter. Den klart største, Mjøsbrua, vart opna den 16. november 1985.

Av store prosjekt som elles vart avslutta i 1985, kan ein nemne den nye vegen mellom Granvin og Bruravik med den 7 511 meter lange Vallaviktunnelen på Rv 7.

Dessutan vart den ytre delen av den nordre innfartsåra i Bergen opna, og ny E6 forbi Levanger. Ny E6 rundt Leirfjorden i Nordland vart opna i juli 1986. Etter dette har Nordland fylke no berre eitt ferjesamband på E6.

I 1985 vart det utbetra om lag 75 særleg ulykkesutsette stader og strekningar. Gang- og sykkelvegar er eit av dei viktigaste tiltaka for å skilje trafikkgruppene. I 1985 vart det bygd 134 km gang- og sykkelvegar langs riksvegane, og totalt er det no bygd 1 443 km.

Nybygging og utbetring av kryss er ei viktig oppgåve. Av 91 utbetringar av kryss på riksvegnettet i 1985 er 21 nye rundkjøringar. Dette er ei dobling frå 1984. Omsynet til trafikktryggleiken og trafikkavviklinga gjer at det stadig blir bygd fleire rundkjøringar.

Ved utgangen av 1985 var det registrert i alt 2 614 955 kjøretøy i Noreg. Det er ein auke på heile 6,9 prosent frå året før. Av desse var det 1 763 627 bilar. Det samla talet på personbilar var ved utgangen av året 1 513 954. Dette svarer til 2,7 innbyggjarar pr. personbil i Noreg, og 2,2 innbyggjarar pr. bil.

Vegtrafikken i Noreg auka med 6,0 prosent samanlikna med året før. Godstransportarbeidet på veg utanfor rute hadde ein auke på 10,7 prosent.

I 1985 vart 12 300 personar drepne eller skadde i trafikken. Det er rundt 7 prosent fleire enn i 1984. Talet på drepne gjekk ned frå 410 i 1984 til 402 i 1985.

I tillegg til fysisk betring av vegane, vart det i 1985 satsa sterkt på holdningsskapande tiltak, m.a. aksjon «Betre bilist 1985» og «Aksjon kjørelys».

Samferdselsdepartementet vil også i tida som kjem, leggje sterkt vekt på å auke trafikktryggleiken på vegane.

Ei stortingsmelding om hovudvegane i Oslo-området vart lagt fram våren 1986.

Det vart dessutan i 1985 lagt fram ei stortingsmelding om transport for funksjonshemma.

Ferjetrafikken har auka frå 1984 til 1985. På riksvegerjene har trafikkauken målt i personbileiningar vore 3,2 prosent. Ved utgangen av 1985 var det i riksvegnettet ein flåte på 223

ferjer med til saman 8 290 personbillassar.

Skip er det viktigaste transportmidlet for frakting av gods over lange avstandar. Transportarbeidet er rekna til 11,5 milliardar tonnekilometer i 1985, ein auke på 7,6 prosent frå 1984. 57,7 prosent av det totale innanlandske godstransportarbeidet går no sjøvegen.

Kystrutene hadde i 1984 ein nedgang på 2 prosent i talet på passasjerar. Hurtigruta Bergen – Kirkenes, som er ein del av kystrutene, hadde ein auke frå 274 550 passasjerar i 1984 til 292 300 passasjerar i 1985. Det er ein auke på 6,5 prosent etter ein tilbakegang på 1,8 prosent frå 1983 til 1984. Til samanlikning hadde hurtigruta 400 000 passasjerar i 1978. 2. halvår 1985 syner ein auke på 2,4 prosent i passasjertalet i høve til 2. halvår 1984.

Det totale transportarbeidet på jernbanen, målt i personkilometer, auka med vel 2 prosent i 1985 til 2 112 millionar personkilometer. Norsk trafikk auka med 2,1 prosent, medan trafikken til og frå utlandet auka med 5,6 prosent.

Godstrafikken (kommersiell trafikk utanom malm på Ofotbanen) utgjorde i alt 2 282 millionar tonnekilometer i 1985. Det er ein auke på 8,0 prosent frå 1984. Vognlaster i lokal norsk trafikk auka med 9,7 prosent til 1 705 millionar tonnekilometer, medan vognlaster i samtrafikk med utlandet auka med 3,5 prosent til 567 millionar tonnekilometer.

Malmtransportane på Ofotbanen auka med 2,9 millionar tonn til om lag 15 millionar tonn i 1985. Det er ein auke på 23,9 prosent i høve til 1984.

Kapasiteten på dei norske innanlandske flyrutene, rekna i tilbodne setekilometer, auka med vel 14 prosent i 1985. Talet på passasjerar som kom og reiste over norske lufthamner, auka i 1985 med 14,8 prosent. Trafikken på stamruteplassane auka med 14,7 prosent, medan trafikken på dei andre plassane gjekk opp med 16,8 prosent. Desse tala gjeld rutefly, charterfly og linjetaxi. Persontransportarbeidet på innanlandsrutene (ikkje charter) auka med 12,2 prosent frå 1984 til 2 090 millionar passasjerkilometer i 1985. Det tilsvarer 63,4 prosent av dei tilbodne setekilometrane. Talet på passasjerar på innanlandsrutene (ikkje charter) auka med 13,1 prosent frå 1984 til 4,7 millionar i 1985. På utanlandsrutene (ikkje charter) auka talet på passasjerar som reiste ut, med 11,4 prosent frå 1984 til 1,3 millionar i 1985.

Trafikkmengda til og frå Oslo-området over Fornebu og Gardermoen var i 1985 om lag 6,0 millionar passasjerar når ein reknar med transitt og transfer.

Det er i 1986 gjeve flyrutekonsesjon til Widerøe's Flyveselskap A/S for strekningane

Bodø–Værøy–Røst og tilbake og Leknes–Værøy–Røst og tilbake. A/S Norving har fått konsesjon for strekningen Bergen–Dagali–Oslo og tilbake, og flyg Trondheim–Skien og tilbake på prøve. Coast Aero Center har fått løyve til å flyge linjetaxi Stord–Bergen og tilbake og Stord–Stavanger og tilbake.

Ein har prøvd å gje alle nye konsesjonar og fornyingar fram til 31. mars 1987, slik at Stortinget på bakgrunn av ei eiga melding om konsesjonspolitikken skal kunne vurdere denne på fritt grunnlag.

Telefonnettet i landet vart fullautomatisert 20. november 1985.

Telefontrafikken innanlands auka med 13,6 prosent frå 1984 til 1985. Av den samla innanlandske telefontrafikken vart 97,9 prosent avvikla automatisk i 1985 mot 96,8 prosent i 1984.

Pr. 31. desember 1985 var det installert 1 712 000 telefonhovudabonnement. Det er ein auka på 97 000 hovudabonnement i 1985.

Ein tok imot 133 000 tingingar på nye telefonabonnement i 1985 mot 118 000 i 1984. Sett under eitt, har trafikken over telenettet auka. Eit unntak er telegramtenesta, som er i klar tilbakegang.

Ein permanent teksttelefonekspedisjon som formidlar samtalar mellom døve og høyrande, vart opna i Engerdal sommaren 1985.

Etterspørsele etter Televerkets dataoverføringsnester har også i 1985 vore sterkt aukeande.

I 1985 vart det investert 3 581 millionar kroner i telenettet, og av dette vart 85,4 prosent finansiert gjennom verksemda i Televerket.

Den totale postmengda som Postverket tok seg av, er rekna til 1 726,5 millionar sendingar. Det er ein auka på 91,9 millionar sendingar, eller 5,6 prosent frå året før. 72,8 prosent av dette var brevpost.

Ved utgangen av 1985 var det i drift 2 717 faste poststader og 4 postekspedisjonar på jernbane og skip. Dessutan var 36 landpoststasjonar og 40 postfilialar i verksemd. Talet på faste poststader gjekk ned med 12 i 1985. Ved å utvide landpostrutenettet har ein kunna tilby postnester til dei postkundane som sokna til dei nedlagde poststadene. Den samla tilbakelagde veglengda i landpostrutene steig frå 34,2 millionar kilometer i 1984 til 34,6 millionar kilometer i 1985.

I motsetnad til enkelte andre næringar har reiselivsnæringa hatt jamn vekst dei siste åra. Næringa gjev i dag arbeid til omkring 70 000 menneske.

Det finst i dag nesten 1 600 registrerte campingplassar her i landet. Mange av dei er viktige som attåtnæring for jordbruksarar. Det er dessutan meir enn 2 300 registrerte overnat-

tingsverksemder, og meir enn 2 400 registrerte serveringsverksemder.

Samferdselsdepartementet arbeider for å styrke reiselivsnæringa ytterlegare. Det blir gjeve stønad til markedsføring av Noreg i utlandet. Det blir også drive utgreiingsarbeid og bedriftsrettleiding styrt av departementet.

Talet på overnattingar ved norske hotell auka med om lag 9 prosent frå 1984 til 1985.

Utlendingar i Noreg brukte i 1985 nesten 17 prosent meir enn i 1984.

1986 vil nok ikkje bli eit like godt år for reiselivsnæringa som 1985. Tsjernobyl-ulykka og redsla som amerikanarane har for terroristaksjonar, ser likevel ikkje ut til å ha fått så katastrofale følgjer for reiselivsnæringa som mange frykta.

I dei 5 første månadene i 1986 har talet på overnattingar på hotell auka med 2 prosent i høve til same perioden i 1985.

Den norske innsatsen for å hindre at dei globale miljø- og naturressursane blir øydelagde, særleg dei som trugar utviklingslanda, er vorten høgt prioritert. Både innanfor det internasjonale samarbeidet vårt og i norsk hjelpeverksemd er det lagt vekt på desse tilhøva.

Det er komme i stand eit nært samarbeid mellom Miljøverndepartementet og Departementet for utviklingshjelp for å innpassa miljøomsyn i norsk utviklingshjelp. Tiltak som styrkjer kapasiteten til utviklingslanda på dette feltet, er prioriterte. Det er sett i gang monalege tiltak mot miljøøydelegginga, særleg i Afrika.

Verksemda til andre norske styresmakter som direkte eller indirekte har noko å seie for miljø- og ressursutviklinga i utviklingslanda, blir også gjennomgått.

Noreg har ratifisert protokollen om å redusere svovelutsleppa med 30 prosent. Noregs eiga målsetjing er 50 prosent reduksjon innan 1993.

Noreg har vidare ratifisert konvensjonen for vern av ozonlaget, og arbeider aktivt for å få i stand ein protokoll med konkrete tiltak for å redusere utslepp som skader ozonlaget.

Arbeidet innanfor ECE for å få i stand ei avtale om å redusere utsleppa av nitrogenoksyd er ført vidare.

Kjernekraftulykka i Sovjet synte at dei norske tryggingstiltaka ved slike ulykker er for dårlige. Arbeid for å styrke slike tiltak er sette i gang.

Fordi ein i større grad er vorten klar over omfanget av landbruksureiningane, har ein auka innsatsen på dette feltet.

Det er eit stort behov for å føre kontroll med ureinande industriutslepp, m.a. fordi det er komme fram at mange verksemder ofte

slepper ut meir enn dei har løyve til. Kontrollen blir no styrkt m.a. ved at det blir oppretta fleire kontrollstillingar, som blir betalte ved hjelp av gebyr frå verksemndene i samband med konsesjonsbehandling og kontroll med verksemndene.

Den statlege overvakinga for ureiningssituasjonen har synt at Mjøsa på ny er inne i ei negativ utvikling. Det er fare for vidfemnande ureiningsskadar som vil kunne få følgjer for store brukarinteresser. Regjeringa har gjort opptak til å få gjennomført omfattande tiltak mot ureininga for å få utviklinga under kontroll.

Statens ureiningstilsyn har fastsett nye og strengare krav til utslepp frå større avfalls forbrenningsanlegg i Noreg.

Arbeidet med å samle inn og behandle spesialavfall har fått større ressursar og meir merksemd det siste året. Arbeidet er vorte styrkt ytterlegare ved at forbrenning av ein-skilde typar spesialavfall kjem i gang i Brevik i år.

Direktoratet for naturforvaltning (tidlegare Direktoratet for vilt og ferskvassfisk) som vart oppretta 1. september 1985, begynte verksemda si innanfor eit utvida arbeidsfelt. Eit nytt vassdragskontor er oppretta i 1986. Direktoratet har gjennomført eit større planleggings- og utviklingsarbeid i år for å sikre ei meir heilskapleg og framtidsretta naturforvaltning.

Det er lagt fram eit utkast til forvaltningsplan for store rovdyr for å sikre levedyktige stammer av bestanden med minimale følgjer for beitehaldet i utmark.

Reviderte jakttider i medhald av viltlova er fastsette for perioden 1986–1989. I den neste 3-årsperioden er det høve til å jakte på totalt rundt 60 pattedyr- og fuglearter. Det er innført obligatorisk jegerprøve for alle førstegongsjegerar.

Bernkonvensjonen, Europarådskonvensjonen om vern av ville planter og dyr og deira naturlege leveområde, er ratifisert.

Det er oppretta eit omfattande overvakingsprogram for måling av radioaktiv stråling av fisk, vilt og andre utmarksressursar.

Eit prøveopplegg med naturforvaltning på kommunenivå er utvida gjennom samarbeid med kommunar i Oppland og i Sør-Trøndelag.

Stortinget har vedteke verneplan III for vassdrag. Dei tre verneplanane femner no om rundt 200 vassdrag med eit samla kraftpotensiale på om lag 22 TWh. Det er sett i gang eit utgreiingsarbeid med sikte på å gjennomføre ein verneplan IV.

Det er trekt opp ein arealdisponeringsplan for naturområda i Oslo og dei nærliggjande kommunane for å verne eit friluftsområde

som har mykje å seie for $\frac{1}{5}$ av folket i landet.

I perioden er det oppretta 89 naturreservat, 4 landskapsvernområde og 1 naturminne. Vidare er det sikra 34 område til friluftsformål, og det er gjeve tilsegn om ei løying som skal sikre 40 nye friluftsområde. Eit større kystområde i Bamble kommune er sikra som skjergardspark, som skal leggjast til rette til friluftsliv og båtliv for folk.

Arbeidet med ein samla plan for vassdrag er ført vidare.

Ei ny plan- og byggingslov tok til å gjelde med verknad frå 1. juli i år. Lova fører til at kommunane får større makt i plansaker som tidlegare måtte avgjera hos fylkesmennene eller i Miljøverndepartementet. Miljøverndepartementet følgjer opp at lova blir praktisert gjennom rettleiingsarbeid og ved å gjennomføre utviklingsprogram for kommuneplanlegging og detaljplanlegging. Likeins er rettleiingsopplegget for fylkesplanlegginga revisert. 317 kommunar, eller 70 prosent av kommunane, hadde godkjend plan ved overgangen til ny lov.

Status for fylkesplanarbeidet er at revisjonen av fylkesplanane er godkjend for 15 fylke. Planane for Oslo og Akershus er no til godkjenningsbehandling. Det blir her lagt vekt på ei heilskapleg vurdering av utviklinga i hovedstadsområdet.

Statens nærmiljøutval har gått i gang med å evaluere første fasen av forsøksprogrammet.

Arbeidet med å styrke kulturminnevernet og byggje opp Riksantikvaren som sentralorgan for kulturminnevernet er ført vidare.

Regjeringa la 18. april 1986 fram ei stortingsmelding om Svalbard. I denne blir det m.a. gjort greie for utviklinga på Svalbard frå 1975.

Det er vedteke ei ny adopsjonslov, som fremjar eit generelt prinsipp om likestilling mellom adoptivbarn og andre barn. Vidare har adoptivbarn fått rettskrav på å få vite kven dei biologiske foreldra er.

Det er vedteke fleire endringar i rettargangslovgjevinga. Dei fleste endringane har som siktemål å effektivisere behandlinga av sivile tvistemål ved domstolane. Det er vedteke reglar om ein valfri, forenkla rettargang for sivile tvistemål. Hovuddraga i forliksrådsordninga er haldne ved lag, men det er vedteke heller store endringar i reglane om saksbehandlinga og kompetansen til forliksrådet.

Det er vedteke endringar i reglane om teieplikt i forvaltningslova og i ei rekkje føresegner om teieplikt i særlovgjevinga. Om lag 40 særforesegner er oppheva og om lag 25 er endra. Dette har ført til ei forenkling av regelsystemet og ei betre tilpassing av særlov-

1986. 2. okt. – Åpning av det 131. ordentlige Storting

gjevinga til reglane i forvaltningslova.

Arbeidet med å motverke narkotikamisbruk hos innsette i fengsla er trappa kraftig opp.

Prøeverksemd med samfunnsteneste, som vart sett i gang i Rogaland, er utvida til nye prosjekt i Hordaland og i Hedmark/Oppland.

Regjeringa har sett i gang eit prøveprosjekt ved Ila landsfengsel og sikringsanstalt for grensepsykotiske innsette. Formålet med prøveprosjektet er å finne fram til betre omsorg for denne gruppa.

Ein ny landsdelsordning for politiet vart sett i verk ved kongeleg resolusjon av 31. januar 1986. Hovuddraga i ordninga er at landet er delt inn i fem politilandsdelar, kvar med eit landsdelskammer som skal ha eit overordna koordinerings- og planleggingsansvar i sin landsdel.

Det er sett i gang tiltak for å betre mottakarsituasjonen for asylsøkjarar som kjem til Fornebu.

Det er sett i gang eit mannskapsprosjekt i politiet og lensmannsetaten for å klarleggje om ein større auke i personellressursane kan merkast i det kriminalitetsførebyggjande arbeidet.

Barnetrygda er auka frå 1. januar og 1. juli i år. Dei ordinære stønadssatsane auka med i gjennomsnitt 14,1 prosent på årsbasis frå 1985 til 1986. For barn med einslege forsøgjarar auka stønadssatsane med i gjennomsnitt 11,5 prosent i same perioden.

Grunnbeløpet i folketrygda auka med kr 400 frå 1. januar og kr 1 700 frå 1. mai 1986. Frå 1. mai 1986 er grunnbeløpet på kr 28 000. Satsane for særtillegget er no 54,5 prosent for einslege og 49,75 prosent for ektepar.

Grunn- og hjelpestønaden frå folketrygda ved uforleik auka med 7 prosent frå 1. januar 1986.

Pensjonane frå pensjonstrygda for sjømenn til pensjonistar under 67 år og krigsfartstillegget auka frå 1. januar og 1. mai i samsvar med auken i grunnbeløpet.

Frå 1. april 1986 vart det gjennomført ei rekke mindre endringar i reglane om betalt fødselspermisjon. Ved fleirbarnsfødlar vart permisjontida utvida med to veker for kvart barn som blir født ut over eitt. Det vart gjeve klare reglar om forholdet mellom sjukepengar og fødselspengar. Samtidig vart det innført høve til å vente med å ta ut fødselspengane i tilfelle der samværet mellom foreldra og barnet vart hindra av sjukdom hos nokon av partane.

Det vart frå same dato innført ei ny sjukepengeordning for foreldre til alvorleg sjuke barn. Ein kan no få sjukepengar dersom foreldra av omsyn til barnet må vere på sjuke-

huset medan barnet er lagt inn, og når barnet blir stelt i heimen i kritiske periodar av sjukdommen. Retten til sjukepengar er ikkje tidsavgrensa, men vilkåret er at ein har rett til sjukepengar når ein sjølv er sjuk.

Frå 1. juli 1986 vart det innført ei ordning med reisetilskott i staden for sjukepengar for å dekkje nødvendige ekstra transportutgifter til og frå arbeidsstaden.

Prisgrensa for stønad til bil til funksjonshemma vart sett opp frå 70 000 til kr 73 000 frå 1. januar 1986.

Ordninga med pliktig stønad for høyreaparat er frå 1986 utvida til å gjelde alle som har ein høyrselsskade som er slik at høyreaparat spelar ei vesentleg rolle for høyrsel-funksjonen. Det er vidare innført refusjon for tolke- og følgjeteneste for døvblinde.

Ei trygdeavtale mellom Noreg og Austerrike tok til å gjelde 1. juni 1986.

Ved utgangen av 1984 var det om lag 12 800 barn under vernetiltak av barnevernsnemndene. Av desse var det om lag 5 300 nye verne-tiltak som vart sett i gang i 1984.

1986 er startåret for ein 4-årig handlingsplan for barne- og ungdomsvernet. Målet er å styrke barne- og ungdomsvernet på fleire plan. Staten har t.d. gjeve tilskott til eigne børnevernsstillingar i dei større kommunane. Det er sett i gang etterutdanningstiltak, og ved Alta distriktskole er det sett i gang utdanning av barnevernspedagogar.

Innsatsen med pengar frå staten i det fylkeskommunale barnevernsarbeidet er ført vidare i 1986. Det same er eit forsøksprosjekt for rusmiddelbrukarar som fylkeskommunane har ansvaret for.

Løyvinga til å opprette og drive krisesenter og krisetelefonar har gått opp frå 11,7 millionar kroner i 1985 til 15,2 millionar kroner i 1986.

I 1984 var det om lag 25 000 innleggingar i alkoholistinstitusjonane. Av dei innlagde var det 2 800 kvinner.

Sosialkontora gav sosialhjelp i om lag 103 900 tilfelle i 1984. Det er om lag 7 100 fleire tilfelle enn året før. I gjennomsnitt var det 25 stønadstilfelle pr. 1 000 innbyggjarar mot 23 året før.

For 1986 er tilskottet til helse- og sosialnesta i kommunane på 3 196 millionar kroner.

Om lag 146 000 heimar fekk hjelp gjennom hjelpeordningane for heimane i 1984 mot rundt 50 000 i 1983.

I 1985 tok Noreg imot 1 114 flyktningar. Inntaket for 1986 vil bli om lag 1 250 personar.

Fylkeskommunane er vortne hovudansvarlege for ambulansetenesta etter at ei endring av lova om sjukehus tok til å gjelde 1. januar

1986. Unnateken er ambulansetenesta i lufta, som framleis skal finansierast direkte frå staten.

Høve til å utføre kunstig inseminasjon og svangring utanfor livmora er ved ei lovendring avgrensa til institusjonar som er spesielt godkjende og anten inngår i den fylkeskommunale helseplanen eller er statlege.

Stortinget har vedteke at sjukeheimane skal overførast til kommunane. Den endelege gjennomføringa blir 1. januar 1988. Omlegginga til open eldreomsorg held fram. I 1985 vart det utført 5,8 millionar besøk av heimesjukepleiarar. I Idébanken for helsetenesta, ein database der det no er samle inn og lagra tusen ulike tiltak for å betre og effektivisere helsetenesta, er det nærmare to hundre tiltak og idear for eldreomsorga. For desse tiltaka er det utgjeve ein temakatalog.

Det er sett i gang arbeid for å evaluere kommunehelsereforma. Arbeidet vil i stor grad stø seg på forsking og på dei statistikk-systema som er utvikla.

Pleiesituasjonen i helsetenesta er vanskelig. Som eit strakstiltak har Regjeringa vedteke særskilde løyvingar for å auke utdanningskapasiteten for hjelpepleiarar og til grunn- og vidareutdanning for sjukepleiarar.

Det er sett i verk ei rad tiltak for å betre personellsituasjonen i helsetenesta i Finnmark og i psykisk helsevern i Troms. Det er løyvt 8,5 millionar kroner til vidare- og etter-utdanningstiltak. Ein har oppretta såkalla fadderordningar for å dekkje personellbehovet ved fleire sjukehus. Det gjeld Åsgård, kirurgar ved Kirkenes sjukehus og Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk i Karasjok. Det er oppretta jordmorutdanning og utdanning i psykiatrisk sjukepleie i Tromsø. Det er gjeve førerett til visse legestillingar ved sjukehus når ein har gjort teneste ei viss tid i Finnmark. Det er gjort framlegg om at leggar som har gjort teneste i Finnmark, skal få dobbel konkurranseansiennitet. Sosialdepartementet arbeider vidare med andre tiltak for å betre personellsituasjonen.

AIDS-problematikken er alvorleg og vedkjem ulike delar av helse- og sosialtenesta. Det er gjeve tilleggsloyming for nærmare 25 millionar kroner for 1986 til ulike tiltak i tillegg til 16 millionar kroner som tidlegare vart løyvt i statsbudsjettet for 1986.

Utvalet som har granska informasjonsformidlinga etter kjernekraftulykka i Tsjernobyl i Sovjetunionen den 26. april, har lagt fram utgreininga si.

Regjeringa har sett ned eit utval som skal sjå nærmare på styrings- og finansieringsformene for institusjonshelsetenesta. Utvalet skal legge fram utgreininga si 1. juli 1987.

Det vil i 1986 bli gjeve ut informasjon til publikum m.a. kva rettar pasientar har. I tillegg vil det bli laga eit opplegg for opplæring av helsepersonell, folk i administrasjonen og politikarar når det gjeld desse spørsmåla.

Det er sett i verk tiltak for å heve standarden på helsetenesta i fengsla.

Å auke kapasiteten for hjarteoperasjonar har høg prioritet. I 1986 er det løyvt om lag 33,5 millionar kroner til dette formålet, og Sosialdepartementet ventar at ein skal komme opp mot målet på nær 2 000 operasjonar i år.

I 1984 vart det lovfest at det i kvart bispedømme skal haldast bispedømmemøte annakvart år. Dei første bispedømmemøta vart haldne i 1986.

I kyrkja er det no 1 117 prestestillingar og 82 kateketstillingar. I tillegg kjem feltpreststillingane og prestestillingane ved fengsel og sjukehus. Det er etter måten få søkjavar til ledige kateketstillingar og til einskilde prestestillingar i Nord-Noreg.

I skoleåret 1985–86 er det om lag 528 000 elevar i grunnskolen og 190 000 i den vidaregåande skolen. For grunnskolen gjekk elevtalet ned med om lag 16 000 samanlikna med året før.

Elevtalet i somme grupper i grunnskolen aukar etter måten mykje. Til dømes auka talet på elevar som får alternativ livssynsunderskriving frå 6 753 til 9 088, eller med nærmare 35 prosent. Talet på framandspråklege elevar i grunnskolen auka med vel 13 prosent, frå 7 114 til 9 004.

Stadig fleire funksjonshemma elevar har dei seinare åra fått opplæring i den vanlege skolen. Talet på elevar i alderen 7–16 år i statlege spesialskolar har no stabilisert seg.

Fra 1. august 1985 gjev grunnskolelova samiske elevar rett til å få heile grunnskoleundervisninga på samisk.

Forsøk med pedagogiske tilbod til 6-åringar blir sett i verk i samarbeid mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Forbrukar- og administrasjonsdepartementet.

Ei revidert mellombels utgåve av mønsterplan for grunnskolen er lagd fram våren 1986.

Fagopplæringa i arbeidslivet er i rask framgang. I 1985 auka talet på nye lærekontraktar med 45 prosent, samanlikna med 1984. Det er flest nye lærlingar i Oslo og kystfylka i Sør-Noreg.

Stimuleringsstiltaka for å betre lærarsituasjonen i Nord-Noreg er ført vidare for Troms og Finnmark. Tiltaka har hatt god verknad særleg i Nordland og Sør-Troms. Hausen 1986 er lærarsituasjonen både i Nord-Noreg og grisgrendte område igjen vorten därlegare.

Innanfor arbeidsmarknadsopplæringa er det lagt større vekt på å utvikle modulopp-

bygde kompetansegevande kurs i fag under lov om fagopplæring i arbeidslivet. Det er også utvikla fleire etterutdanningskurs som følgjer den teknologiske utviklinga i industrien, til dømes kurs i automatisert kvalitetskontroll og dataassistert konstruksjon og produksjon.

Arbeidet med å bygge ut tilbod om førstegangsutdanning for vaksne funksjonshemma held fram. Særleg har det vore arbeidd med å betre tilboden til psykisk utviklingshemma. Likevel er det enno stort behov for opplæringstilbod for desse, både i og utanfor institusjonane.

Det er no 46 opplysningsorganisasjonar som har allmenn rett til statstilskott. 23 godkjende norske brevskolar får statstilskott til brevundervisninga.

I skoleåret 1986–87 er det 86 skolar som er godkjende etter lov om folkehøgskolar.

Utgiftene til høgare utdanning og kulturformål på statsbudsjettet for 1986 er på om lag 8,1 milliardar kroner. I tillegg blir det innvilga lån for om lag 2,6 milliardar kroner frå Statens lånekasse for utdanning.

Ved universitet og høgskolar er det hausten 1986 om lag 91 400 studentar. I tillegg reknar vi med om lag 6 600 studentar i utlandet. Tilgangen av nye studentar til einskilde lange universitetstudium er noko lågare enn dei siste åra, medan det framleis er stor søkning til dei prioriterte teknologiske og økonomisk-administrative studia på alle nivå, til det juridiske studiet og til helsepersonellutdanninga.

Det er lagt særleg vekt på å styrke studie-tilboda i Nord-Noreg. Utbygginga av jusstudiet ved Universitetet i Tromsø held fram. Det er no teke opp studentar til det 3. studieåret. Det blir teke opp nye studentar til siviløkononomutdanning ved Høgskolesenteret i Nordland. Høgskolesenteret i Nordland har flytta inn i nytt bygg på Mørkved ved Bodø. Det er sett i gang arbeid med tilbygg ved Tromsø lærarhøgskole.

Reisinga av nybygg for Noregs musikkhøgskole blir sett i gang hausten 1986.

Til forskingsformål var det i 1986 delt ut 352,7 millionar kroner av tippeMidlane. Av dette fekk Noregs allmennvitakaplege forskingsråd 74,5 millionar kroner og Noregs teknisk-naturvitakaplege forskningsråd 113,3 millionar kroner.

I 1985–86 har Statens lånekasse for utdanning delt ut lån og stipend for om lag 3,2 milliardar kroner. Kostnadsnorma for studiestønad til elevar og studentar er for undervisningsåret 1986–87 kr 3 810 pr. månad.

Systemet for utdanningsfinansiering er lagt om frå undervisningsåret 1985–86. Hovudformene for stønad etter det nye systemet er eit utdanningsstipend og lån. Utdanningsstipen-

det kjem i staden for dei viktigaste stipendformene i det gamle systemet. I tillegg er det innført eit reisestipend for elevar og studentar som har lang og dyr reise til heimstaden.

Det er fordelt om lag 10,0 millionar kroner og gjeve tilsegn for ytterlegare 18,9 millionar kroner til bygging av studentbustader. Vidare er 25,4 millionar kroner brukte til velferdsarbeid for studentane. I budsjettet for 1986 vil om lag 17 millionar kroner blir brukte for å leggje til rette studium i utlandet. Spesielt gjeld det for økonomisk-administrative og teknologiske studium. I tillegg til dei ordnингane som tidlegare er etablert i USA og Storbritannia, er det frå hausten 1986 òg lagt til rette for studium i Canada og Vest-Tyskland.

I 1986 vil 450 kunstnarar komme inn under ordninga med garantiintekt. Det blir gjeve stipend til 718 kunstnarar, og i tillegg har fem livsvarig kunstnarlønn, fire æresstipend og ein æreslønn. Til saman kjem 1 178 kunstnarar inn under ulike stønadsordningar.

Nasjonalgalleriet vart i 1985 vitja av om lag 137 000 personar. Riksgalleriet hadde 16 utstillingar på vandring i 1985. Utstillingane vart synte på 231 stader og vart sedde av om lag 112 000 personar. Førebuingane med det framtidige museet på Bankplassen i Oslo held fram.

I 1986 er det oppretta ellevje nye musikarstillingar ved dei fire symfoniorkestra som får statsstønad. I alt er det 268 fast tilsette musikarar ved desse orkestra. Publikumsbesøket ved symfoniorkesterkonsertane var om lag 171 000 i 1985. Rikskonsertane hadde ved sine konsertar eit besøkstal på rundt 974 000.

Dei teatra som får offentlege tilskott, hadde i 1985 eit samla publikumsbesøk på om lag 1 149 000 på dei eigenproduserte forestillingane sine. Av dette hadde Riksteatret om lag 100 000 tilskodarar på dei eigenproduserte forestillingane sine. Det blir lagt vekt på teaterverksemid i regionane.

Publikumstalet ved kinoane var om lag 12 907 000. Av desse såg om lag 1 381 000 norske filmar.

Samla utlån i 1985 frå folke-, fylkes- og skolebiblioteka var 23 809 525 band. Den samla bokmengda var 24 226 827 band.

I 1986 får 290 musé statleg stønad gjennom tilskottsordninga for halvoffentlege musé. Desse, saman med dei fem store musea som står utanfor tilskottsordninga, og ni statsmusé får til saman om lag 109,5 millionar kroner frå staten. Universitetsmusea og ei rad etatsmusé kjem i tillegg. Musea vart vitja av over 5 millionar menneske i 1985.

Nybygget for Norsk Teknisk Museum vart opna i mai 1985.

Ei stor samling Grieg-manuskript er heim-

kjøpt frå Sambandsstatane. Arbeidet med overføringa av det norske materialet frå Nordiska Museet i Stockholm til Norsk Folkemuseum held fram. Det blir arbeidd med spørsmål som har med samisk kultur og utdanning, m.a. eit framlegg om ei samisk språklov.

Forsøka med uavhengige kringkastingsformer blir førtे vidare fram til 31. desember 1987. Talet på konsesjonsområde og konseksjonshavarar for nærradio og lokalfjernsyn er monaleg utvida. Om lag 290 nærradioar og 30 lokale fjernsynsselskap er no i drift i Noreg.

Den delen av overskottet i Norsk Tipping A/S som gjekk til idrettsformål i 1986, var 365 millionar kroner. Det er ein auke på 47,5 millionar kroner i høve til året før. Av summen til idrettsformål gjekk om lag 205 millionar kroner til idrettsanlegg, 138,1 millionar kroner til Norges Idrettsforbund og 21,9 millionar kroner til andre idrettsformål.

Av summen til idrettsanlegg gjekk 195 millionar kroner til idrettsanlegg i fylka. Det vart gjeve tilskott til i alt 817 anlegg, m.a. 61 idrettshallar, 16 symjehallar og 158 idrettshus.

I statsbudsjettet for 1986 løvvde Stortinget 10,9 millionar kroner til lokale, fritidsklubbar o.l. På grunn av nytt inntektssystem for kommunane og fylkeskommunane vart det gjeve tilskott til investeringar og ikkje til drift. Midlane vart fordelte med tilskott til 22 fritidsklubbar og 24 fleirbruksstiltak. Kultur- og vitaksdepartementet fordelte 33,2 millionar kroner til 67 barne- og ungdomsorganisasjonar i 1986.

Vidare er løvvinga til lokale kulturygg på 16,8 millionar kroner fordelt.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Det 131. ordentlige Storting, som Deres Majestet nå har åpnet, går til sin ansvarsfulle gjerning i en tid som fremdeles preges av betydelige økonomiske problemer både her hjemme og i andre deler av verden. Det er en viktig oppgave for Stortinget å bidra til å bekjempe disse problemer. Det vil i sin tur stille spesielle krav til representantenes evne til samarbeid og til å treffe beslutninger som kan bli til gagn for oss alle.

Trontalen bærer bud om at Stortinget vil få seg forelagt mange saker av største betydning som vil stille tilsvarende store krav til stortingsrepresentantenes innsikt, arbeidsevne og arbeidsinnsats.

Endringene i befolkningens alderssammensetning innebærer særlige utfordringer og krever handlekraft og ressurser. Arbeidet med å utvikle et stadig bedre helsestell vil komme til å sette sitt sterke preg også på dette Stortings arbeid og i stigende grad peke seg ut som en hovedsak.

Fremdeles er den internasjonale situasjonen preget av ufred og elendighet i mange deler av verden. Væpnede konflikter, nød og undertrykkelse vil kreve en sterk internasjonal innsats også av oss, uansett hvor i verden problemerne oppstår. Norge må ta del i det mellomfolkelige arbeid for å løse disse oppgaver, og bør føle en særlig sterkt forpliktelse til vern om menneskerettighetene. Kongen og Regjeringen vil i dette arbeidet kunne regne med Stortingets helhjertede medvirkning.

I mange av de saker som Stortinget skal behandle, vil det være delte meninger blant representantene. Like fullt vil hver enkelt ha fedrelandets beste for øye og etter sin overbevisning bidra til at Stortings beslutninger skal bli til gagn for vårt land og folk og for de deler av verden hvor ufred, undertrykkelse og nød fortsatt hersker.

I forvissningen om at Stortings gjerning vil tjene folk og land, samles vi i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortings øvrige medlemmer istemte dette ønske.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Før dette møte heves, foreslår presidenten at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrrelse blir lagt ut for behandling i et senere møte. – Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.40.